

Godøy vil bryte Stranda si sigersrekke

I kveld møtest Stranda og Godøy til toppkamp i 4. divisjon. Mykje skal gå gale om ikkje vinnaren spelar 3. divisjon neste år.

FOTBALL. Godøy leier med 36 poeng. Stranda er tett bak med 35, og desse to har ei lita luke til formlaga Rollon på 31 og Bergsøy på 29.

Men dei to toppplaga går heller ikkje på mange feilskjer denne sesongen.

– Vi har faktisk ikkje tapt sidan det blei 0–3 mot Godøy på grusbana der ute i vår, seier Stranda-trenar Ronny Ødegård til Sunnmørsposten.

Sjølvtilliten til strandarane er på topp, og det er god grunn til det med 13 strake heimesigrar på kunstgraset.

– Det er litt farleg med slik statistikk, men vi gleder oss til kampen. Det vert nok ein fysisk tøff batalje. Godøy byggjer spelet sitt på dette, og har i tillegg eit enormt engasjement. Dette er vi klar over, seier Ødegård.

Godt nivå. Stranda-trenaren gjer sitt beste for å få spelarane sine til å skjønne at opprykket langt frå er sikra.

– Vi føler pusten i nakken frå både Rollon og Bergsøy. Det er unormalt jamt i år, men vinnaren av kampen i kveld har eit veldig godt utgangspunkt for resten av sesongen, seier Ødegård.

Ødegård stiller nær fulltalig tropp i kveld, men må klare seg utan Christian Malmo, som har gjort eit godt comeback for Stranda etter sommarferien.

– Han har gått på eit armbrøt, og er nok ute resten av sesongen, seier Ødegård. Godøy manglar lagkapteinen, den gode backen Dagfinn Godø.

– Han trenar lilleputtlaget og skulle slengje seg etter ein ball på ei trening. Han braut kragebeinet, og er nok ute både mot Stranda og dei to viktige kampene som kjem mot Rollon borte og Bergsøy heime, seier Alnes.

Sjølv er Alnes toppscorar i 4. divisjon med 20 mål, fire fleire enn Stranda-spissen Ronnie Furset.

– Eg har sagt frå til midtstopparane våre at dei må passe på Furset slik at han ikkje kjem til sjansar i denne kampen, seier Alnes, som scora to mål då Godøy i helga vann den største sigeren i 4. divisjon i år, 8–1 mot Åram/Van.kam.

– Stranda har presset på seg i kveld. Vi har godt mot og går for siger, seier han.

Runden. Her er resten av kampene som vert spelt i kveld:

Åram/Van.kam–Rollon. 1–1 i vår. Heimelaget har litt å revansjere etter stortapet i helga, men Rollon er i god flyt og tar nok tre poeng.

Ørskog-Bergsøy. 1–1 i vår. Ørskog har potensial til å gje Bergsøy trøbbel, men gjestane har styrkt seg i haust og bør vinne.

Herd–Sunnlyven. 2–0 til Herd i vår. Herd har skuffa stort i haust, men bør få seg ein siger etter tre tap og éin uavgjort. Sunnlyven har berre 1–0-sigeren mot HaNo borte i år, og har elles tapt alt på framandt (kunst-)gras.

Larsnes/Gursken–Stordal. 4–2 til "Gulars" i vår. Larsnes/Gursken vinn det meste med til dels store siffer på heimebane, og botnlaget Stordal får nok ein tung kveld. HaNo–Norborg avsluttar runden på søndag.